

VESTLAND TRAINEE

Programplan for Framtidsfylket Trainee/Trainee Indre Hordaland
frå og med haust 2019

Vestland trainee (Framtidsfylket Trainee og Trainee Indre Hordaland) er det einaste fylkesdekkjande traineeordninga i landet for kandidatar med bachelor- eller masterutdanning. Ordninga skapar eit unikt nettverk både for bedrifter og trainear, og er med på å styrke samarbeidsånden knytt til ei sentral fellesoppgåve: Rekruttering til Distriktsvestland.

MÅL OG MÅLGRUPPER

Hovudmål

Styrke konkurransekrafta og innovasjonsevna til næringslivet ved å auke talet på unge menneske med høgare utdanning som vil arbeide og bu i fylket.

Delmål

- Tilby bedriftene kvalifisert arbeidskraft og fersk høgskule- og universitetskunnskap.
- Betre kunnskapen om næringslivet i Vestland på tvers av bransjar og regionar.
- Synleggjere næringslivet i fylket og nettverket av bedrifter i traineeordninga.
- Marknadsføre karrieremoglegheiter og gode levekår i Vestland.

Målgrupper

Trainear

Krav til traineekandidatane:

- Utdanning på bachelor – eller masternivå
- Maksimalt tre år med arbeidserfaring etter avslutta utdanning
- Beherske norsk som arbeidsspråk

ORGANISERING

Framtidsfylket AS og Trainee Indre Hordaland eig og er ansvarleg for Vestland trainee. Framtidsfylket er programleiar. Det inneber til marknadsføring, gjennomføring

og kvalitetssikring. Samarbeidet mellom Trainee Indre Hordaland og Framtidsfylket vert forankra i eiga avtale.

TRAINEEPROGRAMMET

FORPLIKTINGAR, ØKONOMI OG FORVENTNINGAR TIL DELTAKANDE BEDRIFTER

Traineebedrifter

Traineebedriftene kan vere av ulike storleikar og frå ulike bransjar eller arbeidsgjevarar innanfor offentleg sektor. For å sikre at traineen vert ein del av eit godt fagmiljø er hovudregelen at verksemda skal ha minst 4 tilsette. Kvar bedrift/ arbeidsgjevar kan i prinsipp maksimalt tilsette ein trainee per år, ved interesse for fleire bør Vestland trainee bli kontakta.

Juridisk tilknytning

Kvar bedrift har det fulle arbeidsgjevaransvaret for sin trainee. Arbeidskontrakta er basert på ei tilsetjing på eit år. Om verksemda ynskjer å tilsette traineen fast frå byrjinga, er det fullt mogleg men dette bør Framtidsfylket informerast om.

Traineeperioden går frå august til og med juli året etter

Dei 5 fellessamlingane er i perioden mellom september og juni.

Det er ein intensjon å tilby traineen fast tilsetjing etter avslutta traineeår.

Økonomi

Løn

Traineeane får unike utviklingsmoglegheiter gjennom ekstra oppfølging av bedrifta og gjennom fellessamlingane. Lønnsnivået og kostnadar for programmet bør sjåast i samanheng. Bedrifta sjølve fastset lønsnivå, men ei anbefaling frå Vestland trainee er minimum 80% av ordinær lønn for aktuelt fagområde. Det er høve for individuelle forhandlingar. Bedrifta som tilset, betalar ut løna.

Traineebedrifta dekker:

- utgifter til løn og direkte kostnadar knytt til tilsettinga
- ein eigenandel for kvar trainee som tilsettast. Dette dekker kostnadene i eigenutviklingsprogrammet og ein del av felleskostnadane.

- kr 45.000,- (for små bedrifter under 10 tilsette)
- kr 60.000,- (for bedrifter med 10 eller fleire tilsette)
- reisekostnader i fylket i samband med traineesamlingane (4 pr. traineeår).
- Reise, mat og overnatting i samband med studietur i utlandet.
- evt. reise, opphald og deltakaravgift for årets trainee ifm alumnitraineeetreff i fylket.
- reise og opphald ein gong i året for å profilere traineeordninga på Framtidsfylket sine eigne karrieremesser
- mentor i eiga bedrift.

Om bedrifta ikkje klarer å tilsette ein trainee etter utlysingsperioden skal det berre betalast kr 20.000,- for å dekke eigenandel av marknadsførings- og koordineringskostnader for traineeutlysninga.

NB! Det er ei forutsetning at bedriftene har bedriftsprofil på Framtidsfylket.no slik at traineestillinga kan lysast ut i våre kanaler.

Vestland trainee dekker elles størsteparten av felleskostnadane, slik som:

- marknadsføring
- koordinering av søknadsprosessen
- resterande kostnadar for felles fagsamlingar
 - overnatting og opphald for alle traineane
 - fagprogrammet inkl. foredragshaldarar, aktivitetar m.m.

Forventningar til traineebedrifta

Traineebedrifta må vere medviten om rolla den har og støttar traineen i læringsprosessen.

Arbeidsgjevar stiller ein mentor til disposisjon for traineen. Mentoren skal vere støttespelar og rettleiar for den einskilde trainee heile traineeåret. Det er ikkje ynskeleg at mentor er same person som direkte sjef/avdelingsleiar til trainee. Det er obligatorisk for mentor å delta på 1-2 mentorsamlingar i løpet av traineeperioden. Mentor skal gjennomføre minst 5 samtalar med trainee.

Det skal lagast ein utviklingsplan for traineeperioden slik at både trainee og bedrift veit kva ein skal arbeide med, og slik at forventningane er avklara.

Traineen skil seg frå ein vanleg tilsett og skal få kjennskap til heile bedrifta og verdikjeda bedrifta er ein del av. Bedrifta kan stille krav, men samstundes skal ein leggje vekt på læring og utfordringar.

Eksempel på dette er at ein:

- syt for at traineen får ein ordentleg introduksjon og bli-kjend-prosess med heile bedrifta, ikkje berre med den avdelinga han/ho arbeidar i.
- tar traineen med i viktige prosessar og på viktige møter.
- gje traineen ansvar og lar han/ho arbeide sjølvstendig.
- er open for innspel frå traineen. Eit ferskt blikk kan opne for nye moglegheiter.

Det skal skrivast kontrakt mellom Vestland trainee og traineebedrifta der forventningane og forpliktingar er avklart.

SØKNADSPROSESSEN

Tidsplan

Slutten av oktober	Frist for avgjerse om å lyse ut ei traineestilling
primo november	Levere stillingsannonseinformasjon
Desember til 1.mars	Utlysing og elektronisk søknad på www.framtidsfylket.no
Desember, januar og februar	Brei marknadsføring av traineestillingane. Årets Trainee-ar deltek på Framtidsfylket karrieremesser
1. mars	Søknadsfrist
Mars/april	Gjennomføre intervju
April	Tilsetjingar
August	Starttidspunkt
Innan 1. mai	Evt tilbod om fast jobb vidare

Alle søknader går elektronisk til www.framtidsfylket.no. I etterkant kan bedriftene sjølve gå inn for å sjå kandidatane som har søkt.

PROGRAMSKILDRING

Verkemiddel

Fellessamlingar

Ordninga fokuserer sterkt på kompetansebygging for kvar einskild trainee gjennom tre fokusområde:

- Personleg utvikling
- Kompetanseheving
- Bygge kunnskap om bedrifter og næringsliv i fylket
- Skape relevante nettverk

Fellessamlingane er det viktigaste fellesverkemiddelet i traineeprosjektet. Det er obligatorisk å delta på fellessamlingane. Det vert fire/fem felles fagsamlingar à tre dagar fordelte over heile året – to samlingar før jul og to etter jul.

Samlingane vert haldne rundt om i Distriksvestland for å vise fram ulike sider ved fylket. Valet av lokalitetar er knytt til både moglegheitane for å gjennomfør ulike gruppeøvingar og kva bedrifter ein kan besøke.

Når ein har fått stadfesta deltaking frå bedriftene og ser geografisk plassering, blir det bestemt kvar samlingane skal haldast.

Studietur til utlandet

Det vert gjennomført ein studietur på minimum fire dagar. Dei siste åra har turen gått til Brussel, med eit fagleg opplegg i samarbeid med norske aktørane, for å synleggjere næringslivet sine utfordringar og moglegheiter knytte til EU. Turen gjennomførast vanlegvis i april/mai.

Nettverk

Traineeane skal arbeide aktivt for nettverksbygging både seg imellom, mellom dei involverte bedriftene, og andre i fylket. Slik kan vi styrkje samarbeidskulturen i Vestland fylke og bryte ned grensene mellom regionar og bransjar. Traineeane kan òg bli spurde av Vestland trainee om å representere traineeordninga og/eller traineebedrifta på rekrutteringsarrangement i heile landet.

Traineeprosjekt

Det vert lagt opp til eit fellesprosjekt som traineeane i fellesskap arbeider med, og som skal vere nyttig både for traineeane, traineebedriftene og Vestland trainee.

Traineeane arbeider delvis med dette fellesprosjektet på fellessamlingane. Dei må få lov til å arbeide litt med det i arbeidstida, men elles må dei bruke fritida si på å arbeide med det. Tema for traineeprosjektet endrar seg kvart år, og har i dei siste åra hatt med kompetanseutvikling og nettverksbygging å gjøere.

MARKNADSKAMPANJE

Marknadskampanjen har fleire mål.

- Marknadsføre karrieremogleheitane i fylket
- Marknadsføre deltakande bedrifter
- Marknadsføre det gode liv i Distriktsvestland

Aktivitar

- Annonsering i digitale flater i heile landet
- 3 mnd kampanje på Google, egne nett sider, sosiale medieflater.
- Synlegheit karrieremessene til Framtidsfylket, karrieredagar på høgskular og universitet i Bergen, Oslo, Ålesund, Stavanger og eventuelt andre.
- Verkemiddel: Storytelling via video og artiklar om bedrifter som har lykkast, tidlegare traineear og om val av levesett og livsstil utanfor dei større byane.

Deltakande bedrifter:

- Kvar enkelt bedrift må ha sin eigen profil på Framtidsfylket.no for stillingsutlysing så blir desse løfta fram i mediebildet.
- Delta på Framtidsfylket sin karrieremesser i Bergen, Trondheim og Oslo

Kostnad: Omlag kr 500 000,- på marknadsføring av regionane i samband med traineeordninga og messene.

Vestland Trainee ved:

Framtidsfylket AS

Linda Hovland

E-post: linda@framtidfylket.no

Mob: 99 01 78 52

Trainee Indre Hordaland

Bente Raaen Widding

E-post: post@nhodda.no

Mobil: 97 50 94 57